

Årsmelding 2018 for Ekerhovd bedhus, Zion

Årsmøtet 2018 vart halde 21. mars, talar var Magnar Ådlandsvik, MIF. Jan Helge Lie las årsmeldinga og rekneskapen for 2017, begge vart godkjende.

Medlemstalet i 2018 var 20, same tal som i 2017.

Val: Tore Dyrøy takka nei til attval, Judith K. Lie sa seg villig til å sitja i styret eitt år til. (Gunnar Solsvik og Jan Helge Lie var ikkje på val.)

Styret i 2018:

Leiar og sekretær, møtekoordinator og kontaktperson for organisasjonane: Jan Helge Lie.

Styremedlem: Gunnar Solsvik.

Kasserar: Judith K. Lie

Møteaktiviteten i 2018: I alt var det **11 møte**, 2 meir enn i 2017!

Møta fordelte seg slik: 2 ved IMF, 2 ved NLM, 2 ved Israelsmisjonen, 2 ved P7, 2 formiddagstreff ved Bente & Mathias og 1 møte ved NMS.

Frammøtet: På dei «vanlege» møta ca 10, det er ganske stabilt som før. Takk til de som tek med dykk naboar og andre kjende på møta og/eller sender påminning til «bedehus-folka»; det hjelper godt på frammøtet, det må vi halda fram med!

På **formiddagstreffa** har det møtt 15-18, vi er svært takksame for initiativet og innsatsen til Bente og Mathias; det er tydeleg at det er behov for dette kjekke samværet midt på dagen.

På **P7-møta** har det kome 40-45 frå ulike bedehus i Fjell kommune; godt å oppleva (nesten) fullt bedehus med solid forkynning og kraftig song for så å avslutta møtet med eit og godt kveldsmåltid i lag. Det er rikt å vera med i P7-familien! Stor takk til Rita og Tore som også dette året organiserte det praktiske med P7-møta.

Konklusjon: Det er bra og variert møteaktivitet på Zion, bedehuset vårt.

Basarane:

På bedehusbasaren 8. sept var det ca 50 frammøtte (ca 10 fleire enn i 2017). Styret er svært takksame til bedehusforeininga som er heilt avgjerande for drifta av huset! Kr 27.080 kom inn.

Også på Liaskærsbasaren 10. nov var det ca 50 (ca 10 færre enn i 2017). Det kom inn ca kr 29.300 til det verdsvide misjonsarbeidet til NLM og NMS driv; vi må ikkje gløyma dette viktige arbeidet vi støttar!

Barne- og ungdomsarbeidet:

Tirsdagsklubben (T:18-20) held fram som før, 8-10 ungar kjem på klubbkveldane, Margunn og Kari Anne driftar kaféen, Tore og Jan Helge tek seg av andakt, spel og konkurransar. «Vi sår, Herren gjev vokster i si tid».

Ungane kosar seg på bedehuset, dette er viktig for framtida til huset. I 2018 var vi 2 gongar på Fjell-ly på bowling, det er populært og ungane vert kjende med denne viktige leirstaden; nokre har alt vore der på leir og vi får vona at fleire reiser i framtida. For dei aller fleste av dei som går på T:18-20 er ikkje Straume Forum eit alternativ, det motiverer oss til å halda fram med dette barnearbeidet.

Mandag 28. mai hadde Tirsdags-klubben den tradisjonelle sommar-avslutninga med kanotur på Storavatnet saman med speidarane. Pga forbod mot grilling, serverte speidarane varme pølser frå «termos».

Vi frå Tirsdagsklubben gav åndeleg mat og overrekte vinnarpokalen for yatzy-turneringa 2017/2018. Kjekk dag for ca 30 ungar og 10 vaksne!

Media: Bedehuset og arbeidet der fekk god dekning i Grendaposten som kom før jul, vi vil sterkt oppfordra fleire til å senda inn foto og tekst-stoff til grendaposten, då når vi alle i krinsen!

Grendaposten si e-postadresse er (for tida): verohelle@hotmail.com.

Konfirmantane: 14 i talet, fekk ei bokhelsing frå bedehuset. Vi får vona og be om at boka vert brukt av konfirmanten og andre i familien.

Speidarane har rommet sitt i kjellaren, og kan bruka salen som naudhamn om veret gjer det nødvendig.

Julefesten vart erstatta med «**Vi syng jula inn**» med Bente & Mathias 5. desember. Dert vart eit fint samvær midt på dagen, kanskje dei tradisjonelle julefestane si tid er over? Det er litt trist, men det har etter kvart vorte så mange juleavslutningar «over alt» i november og desember, at det er vanskeleg å konkurrera for julefesten på bedehuset.

Takk til alle som støttar bedehuset i forbønn, praktisk innsats og økonomisk.

Takk til Thor Bernhard Tobiassen som igjen har revidert rekneskapen.

Takk til Roger Dyrøy som held fram med å drifta og vedlikehalda heimesida til bedehuset.

Takk til Eivind som gjev oss tonefylgje på møta når han har høve til det.

Jan Helge Lie

Liaskjæret 10. mars 2019